

Rolla som overordna organ for klager på rettar etter sosial- og helselovane



Rettsslagene omfattar klager på rettar som er forankra i sosialtenestelova, kommunehelsetenestelova og pasientrettslova. Fordi rettsklager blir behandla i 19 fylke og er monaleg skjønnsprega, er det ei viktig oppgåve for Statens helsetilsyn som overordna organ å vere med på å sikre at befolkninga får klagene sine behandla rett og likt utan omsyn til kva fylke som er klageinstans.

Statens helsetilsyn har teke i bruk ulike verkemiddel for å sikre at befolkninga blir behandla mest mogleg likt i klagesakene. I 2007 blei det utarbeidd ein rettleiar for å behandle pasientrettsklager. Rettleia- ren er tilgjengeleg på internetsidene våre. Vi har også halde seminar og møte med klageinstansane for å innarbeide nye rettsreglar og utvikle felles praksis i same typen saker.

Når det gjeld klager på økonomisk sosialhjelp som er behandla hos fylkesmennene, blei det i mars 2007 gjort ferdig ein rapport om klagesaksbehandlinga i perioden 1995–2005. Rapporten blei utarbeidd av Høgskolen i Oslo og viser tydeleg forskjell mellom fylka når det gjeld kva utfall klagesakene fekk – det vil seie om Fylkesmannen stadfesta vedtaka i kommunane, omgjorde dei eller opphevar dei og sende dei tilbake for ny behandling. Resultatet i denne rapporten har ført til at Statens helsetilsyn har

sett i gang eit arbeid for å finne ut om ulikskapen er uttrykk for prinsipielle forskjellar, eller uttrykk for variasjon i saksinnhaldet, konkrete behov og/eller saksbehandlinga i kommunen.

Som overordna organ har vi rett til å overprøve og gjere om vedtak gjorde av klageinstansen, jamfør § 35 i forvaltningslova. Denne lovregelen gir ikkje pasientar og klientar ein rett til å klage på vedtaket på nytt, men er meint som ein tryggingsventil for å korrigere ulovleg eller uønskt praksis i klageinstansen.

Frå 2003 har vi fått 35 førespurnader med oppmo- dingar om å gjere om vedtak i klageinstansen. Vi har gjort om fire. Desse var knytte til følgjande tema:

- Rett til å slette journal, jamfør pasientrettslova § 5–2
- Rett til nødvendig helsehjelp (vedtak om utskriving frå LAR), jamfør pasientrettslova § 2–1
- Urettmessig trekk i trygdeytingar, jamfør sosialte- nestelova § 5–9 (økonomisk stønad til barnehage- plass som skulle vere avlastning).

Vedtak fatta av klageinstansen blir berre unntakvis gjorde om. Dei vedtaka som vi har gjort om, bygde alle på feil rettsbruk. Det var dessutan vedtak som var viktige for klagaren.